

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 19.09.2018

SAKSHANDSAMAR: Tone Nordtveit Dale på vegne av styreleiar Svein Gjedrem

SAKA GJELD: **Innspel regionale internrevisjonar- planperiode 2018-2019**

STYRESAK: 92/18 A

STYREMØTE: 27.09.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtar innspel til internrevisjonen i Helse Vest, planperiode 2019-2020 og sender desse til internrevisjonen i Helse Vest innan frist.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest inviterer styret i Helse Bergen til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon, planperiode 2019-2020. Styreleiar har hatt innleiande samtale med administrerande direktør og representant frå Forskings- og utviklingsavdelinga. Styreleiar har nokre ynskje for aktuelle revisjonstema og oppmodar styremedlemmane til innspel i saka.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtar plan for den regionale internrevisjonen etter innstilling frå revisjonsutvalet. Det skal vere ein årleg prosess om hausten der internrevisjonen i Helse Vest hentar inn innspel frå føretakstyra. Revisjonsplanane til Helse Vest strekkjer seg over to år om gongen, men med ein årleg rullering slik at nokre tema kan bli nedprioriterte. Planen kan justeras av revisjonsutvalet i Helse Vest.

Kommentarar

Internrevisjonen i Helse Vest sin revisjonsplan for 2018-2019 inneheld seks prioriterte område¹, sjå vedlegg 3. Innspel til denne planen frå styret i Helse Bergen blei gitt i styresak 85/17 A, og fire av seks innspel er teke med i gjeldande plan;

1. Bruk av tvang i psykisk helsevern
2. Spesialrevisjon av vedtak om Barne og ungdomssjukehuset, byggetrinn 1(BUS 1)
3. Oppfølging av ny forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenesta
4. Administrasjon av pasientar på venteliste

Dei to siste innspela frå Helse Bergen som ikkje vart tekne med i planen, ynskjer styreleiar å vidareføre i årets innspelsrunde, i tillegg til nokre nye tema, sjå vedlegg 1.

Aktivitetar som internrevisjonar og tilsyn må sjåast i samanheng då føremålet for desse er å avdekke svikt- og risikoområder og skal danne grunnlag for å forbetre verksemda. Helse Bergen gjennomfører på oppdrag frå administrerande direktør interne systemrevisjonar som ein del av det systematiske kvalitetsarbeidet i føretaket (styresak 36/18). I tillegg er Helse Bergen HF underlagt eit stort omfang av tilsyn frå ein rekkje offentlege myndighetsorgan.

Vedlegg 2 viser difor ei oversikt over tema for internrevisjon i Helse Vest dei siste åra, interne systemrevisjonar i Helse Bergen og aktuelle kommande eller pågåande tilsyn frå Riksrevisjonen og Helsetilsynet.

Konklusjon

I denne saka ynskjer styreleiar innspel frå styremedlemmane på tema for internrevisjonen i Helse Vest planperiode 2019-2020.

¹ [Plan for internrevisjon 2018-2019](#)

Vedlegg 1: Styret i Helse Bergen sine innspel til tema for internrevisjonen i Helse Vest, planperiode 2019-2020.

1. Vedtak om Mottaksklinikken

Styreleiar i Helse Bergen ynskjer ein spesialrevisjon i eige føretak for å evaluere i kor stor grad måla for omorganiseringsprosjektet Mottaksklinikken er nådd. Denne revisjonen bør komme mot slutten av perioden.

2. Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern

Styreleiar støttar temaet i revisjonsplanen 2018-2019 om uønskt variasjon i pasientforløp i psykisk helsevern, og ynskjer særleg at barn og unge vektleggast.

3. Innføring av nye datasystem i regionen

Styreleiar ynskjer å vidareføre dette innspelet frå 2017:

Styret ønskjer ein revisjon av om planlegging og styring av prosjekta er i samsvar med føresetnadene. Fleire store innføringsprosjekt får forseinka framdrift og behov for endringar undervegs. Vi vil tilrå at ein velger eit av dei store prosjekta, som til dømes KULE.

4. Beredskap knytt til legemiddel

Styreleiar ynskjer å vidareføre dette innspelet frå 2017:

Styret ønskjer ein revisjon av forsyningsberedskapen knytt til legemiddel i føretaket.

Vedlegg 2: Oversikt over tema for internrevisjon i Helse Vest, interne systemrevisjonar i Helse Bergen dei siste åra og aktuelle pågåande eller kommande tilsyn frå Riksrevisjonen og Helsetilsynet.

Internrevisjonar frå Helse Vest dei siste åra ²	Interne systemrevisjonar i Helse Bergen dei kommande åra	Kommande eller pågåande tilsyn frå Riksrevisjonen	Kommande eller pågåande landsomfattande tilsyn frå Helsetilsynet
Avansert oppgaveplanlegging	Systematisk internkontrollarbeid	Styrenes arbeid med kvalitet og pasientsikkerhet i spesialisthelsetjenesten	Kommunale helse- og omsorgstenester, kommunale sosialtenester og spesialisthelsetenester til personar med samtidig psykisk lidning og rusmiddelavhengnad (2017-2018)
Internasjonale samarbeidsprosjekt	Informasjonstryggleik	Effektiv bruk av legeressurser	Tilsyn med korleis akuttmottaka følgjer opp blodforgiftingar (sepsis)(2017-2018)
Kontraktstrategi og avtaleoppfølging innan IKT	Strålebruk	Helse Sør-Øst RHF sin gjennomføring av ikt-prosjektet RIS/PACS	
Matforsyning	Håndtering av humane celler og vev		
Forskningsadministrasjon	Smittevern		
Oppfølging av regionale planar	Pasientadministrative rutiner(utskrivning, samhandling med kommunehelsetjeneste)		
Gevinstrealisering i byggeprosjekt	Miljøoppfølgingsplan byggprosjekt		
Internkontroll i TSB-institusjonar	Omstilling		
Forvaltning av tilskotsordningar	Samarbeidsavtalar		
Handtering av uønskte hendingar			
Korridorpatientar i Helse Stavanger			
Bierverv			
Innkjøp; særleg om oppfølging av rammeavtaler			
Internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar			
Anskaffing og vedlikehold av medisinsk teknisk utstyr			
Gevinstrealisering i byggeprosjekt			
Internkontroll i TSB-institusjonar			
Forvaltning av tilskotsordningar			

² [Internrevisjon Helse Vest](#)